



Børge Brende skal neste veke leia sitt første World Economic Forum i Davos. Før eller seinare bør han lesa Arne Garborg (innfelt til venstre.), om den økonomiske teorien til Henry George (til høyre). Det står om verdas framtid.

AP/NTB SCANPIX, SNL.NO, WIKIMEDIA COMMONS

Den blinde flekken i økonomisk teori

ØKONOMI: Så er det nok ein gong møte i World Economic Forum i Davos. Og nok ein gong skal verdssituasjonen diskuteras utan å koma inn på det viktigaste økonomiske spørsmålet av alle.

Rolf Erik Solheim

Kulturskribent, Arvika, Sverige

Einar Flydal, norsk leiar for arbeidet med ISO 26000, global standard for samfunnsansvar, formulerte det slik:

«Miljøkostnadene må internaliseres i bedriftsøkonomien (og nasjonaløkonomien): Vi må ta ressurskostnadene inn i regnskapet, og ikke late som de ikke finns, for så å skyve dem vidare til et økosystem som ikke lenger klarer å bære byrden av dem.»

Risikorapportane

World Economic Forum, WEF, – i år frå måndag 22. til fredag 26. januar – summerer kvart år dei største truslane menneskeslekta står framfor i dei neste 10 åra. Det store paradokset med desse farane i den årlege WEF-rapporten, bortsett frå jordskjelv og vulkanutbrot, er at dei er skapte nettopp av måten det økonomiske systemet fungerer på, nemleg at det saknar kopling til økosystemet. Difor har vi miljø- og klimakrise, som er eitt og det same problemet. (Sjå *Global Risks Report 2018* her.)

Av nobelprisar som er blitt utdelt i økonomi dei siste 20 åra, tek ikkje ein einaste dei tak i farar som WEF beskriv i sine risikorapportar. Er det då underleg at det vert heva røyster for at økonomi ikkje er vitskap, og difor burde stengast ute frå nobelfesten i Stockholm? Er

dei økonomiske modellane som har fått nobelpris berre eit matematisk monster, ein «Frankenøkonomi» ute av kontroll? Dronning Elizabeth spurde 2009 dei fremste nasjonaløkonomane i England kvifor dei ikkje hadde varsla om finanskrisa. Svaret var: «Vi er alle spesialistar på kvart vårt felt, men ingen har oversyn med heilskapen.»

I WEFs risikorapportar er ikkje klimakrisa den verste utfordringa dei neste 10 åra, då den vil slå til langt seinare. Ein av dei største farar vi står framfor er turbulens frå aukande gap mellom fattige og rike, «severe income disparity», sannsynleg med meir enn 4 på ein skala 1–5.

Georgismen

Er det ikkje forunderleg, ja, mest ikkje til å tru, at Arne Garborg (1851–1924) var inne på noko som kunne ha løyst dette problemet for meir enn hundre år sidan? I USA hadde den amerikanske sosialøkonomen Henry George (1839–1897) sett i gang den tidas *Occupy Wall Street*-rørsle basert på den uhorvelege fattigdomen i USA i 1870- og 80-åra. (Han presenterte eit filosofisk og økonomisk tankesett («georgismen») som, grovt sett, hevdar at overskot av alle skapte verdier tilhøyrer alle, sidan det kjem frå den jorda som tilhøyrer alle. Red.mrk.)

Garborg tende på alle pluggane, og Hulda, kona hans, skreiv:

«Radikal og eldhuga som ein ungdom, utrøytande, trassig og seig heldt han på med å «hamre inn i folk», at det einaste som etter hans meining no kunde berge Noreg, ja heile verda, var at jorda, liksom luft og vatn, vart fri for alle, etter Henry Georges grunntanke.»

Økonomi som moralfag

I WEF sine rapportar dei siste åra har dei største farane for global turbulens

vore manglande ferskvatn, deretter skortande levebrød på grunn av øydelagd matjord i mange land. Kollaps av det globale økonomiske systemet var i 2017 sannsynleg med 3,5 på den 5-gradige skalaen. Slik balanserer vi på ein knivsegg som dei fleste ikkje veit om.

Børge Brende er nå vald til president for WEF. Han får her nokre skikkelege utfordringar og kan koma til å lesa Arne Garborgs «Heimkomin Son» for å leggja grunnlaget for ein ny rettvist og etisk verdsøkonomi. Garborg meinte at økonomi er ikkje realfag, men moralfag.

Kor mykje nytt lys ville det ikkje bli på Garborgsenteret på Bryne om dei fokuserte på hans universelle livs- og samfunnssyn i dei siste 25 åra han levde, i staden for all denne barnehage-verksemda? Det var ein mødesam prosess for Garborg å koma frå barnetru til sosialisme, via anarkisme og ateisme, til at livet sjølv er det einaste ein treng tru på, hans nye religion frå midten av 1890-åra. Og dermed hamna han i georgismen. Dette universelle livssynet ligg til grunn for heile hans seinare litteratur.

Hulda igjen: «Men den pinefulle sjølvgranskning førde då omsider til frigjering i det milde, avklara livssynet, som gav alderdomen hans relativ ro, det livssynet han i poetisk form la fram i «Den burtkomne Faderen», «Heimkomin Son», og i granskarverket «Jesus Messias».»

Kva om...

Hadde Garborg og den unge Winston Churchill, Leo Tolstoy i Russland og Sun Yat Sen i Kina fått det som dei ville, kunne georgismen ha fjerna den blinde flekken i økonomisk teori. Den kunne dessutan ha hindra dei gigantiske miljøproblema vi slit med i dag. Kva seier du til det, Børge Brende?

Feig dyrevelferd

Dag Raustein

Randaberg

PELSDYRHOLD: Me blei vel ikkje overraska over at Venstre ville forby pelsdyrhald. Men at mikropartiet skulle få med seg Høgre og Frp var særst uventa. Forhandlingar, ja vel, men éin stad bør grensa gå. Ein vil forby pelsdyrhald, men ikkje bruk av pels. Norge har rundt 1 prosent av verdproduksjonen av mink og 3 prosent av rev. Kvaliteten på skinna blir rekna å liggja heilt på topp i verda. Topp kvalitet får ein bare om kvaliteten på fôret er på topp, og godt fôr er god dyrevelferd. Krava til dyrevelferd i pelsdyrhaldet er også elles heilt på topp i Norge. Eit forbod hjå oss vil bety at produksjonen skjer i land med langt svakare dyrevelferd.

Dei tre partia vil leggja ned dei 400 arbeidsplassane som direkte og indirekte er knytte til pelsdyrnæringa, og sjå bort frå mange hundre millionar i eksportinntekter. Men dei vågar ikkje å utfordra eit langt større tal veljarar når det gjeld gullfisk i akvarium, eller kanarifuglar, papegøyar eller hamsterar i bur. Her har dyrehaldet ingen økonomiske interesser, det er bare snakk om røyster ved neste val.

Det blir snakka om dyrevelferd. Det er feigt.

Tragikomedien om Nora

Mørks bilder

Hans Spilde

Stavanger

MEDIA: Det er vondt når vitet vantar, men vondare å vanta «private» bilete på mobilen. Nora Mørk viser oss det, om att og om att og om att. Som om me ikkje visste at det er millionar av «private» bilete på avveggar, at internett ikkje har angrefrist. Det er mennesket og (ny)maktene, det.

Mørk sine «private» bilete interesserer meg midt i ryggen. Me druknar jo i hud, mage, bryst, rygg, rumpe, legger, lår og kjønnsorgan. Til og med NRK fyller store delar av skjermen med dette, i beste sendetid for born, ungdom og vaksne. Så opp med handa dei som ikkje veit korleis ein manne- eller kvinnekropp ser ut. Eller dei som tek skade på si sjel av det.

Nesten ingen, sjølvstapt, så vitet må vanta i dei medieredaksjonane som «fyller opp» med overskrifter om lagnader verre enn døden. Om fortvilte Nora og dei (fæle) folka som måtte få eller sjå dei «private» bileta, vanlegvis utan å be om det. Landet vårt skal gå under. Handballen går med i dragsuget når Nora går. For noko vas. Det er nok, no.

Det er ingen skam å snu, NRK!

Solbjørg Bjelland

Stavanger

Beklager NRK, men jeg liker ikke det nye programmet Norge nå. Så langt har det 30 minutters lange programmet handlet om, for meg, helt uinteressante emner. Riktignok er programmene tatt opp ulike steder i Norge, men det er jo ingen nyheter, bare en lang Norge Rundt-reportasje med et tema.

Før hadde vi 15 + 5 minutters lokalnyheter, nå er det redusert til 3 x 5, ofte de samme nyhetene. Norge i dag 21.10, viste korte nyheter fra hele Norge og var alltid like kjekt å følge med på Tømmelen ned for endringen.